

Møteinnkalling

Utval:	Utval for opplæring og helse
Møtestad:	Scandic Byparken, Christiesgt. 5-7
Dato:	07.04.2016
Tid:	10:00

Til dette møte har John Helge Gullaksen meldt forfall. Elise Loftheim vert kalla inn som vara.

Program

- Kl. 10.00 Diverse orienteringar
- IT-avd v/Michael Dahlstrøm.: Info om tilkobling til HFK sitt nettverk
Fagskolane i Hordaland v/styreleiar Roald Kvamme: Info/status fagskulen
Eigedomsavdelinga v/Jostein Fjærestad: Info vedk. «Universell utforming»
- Kl. 10.45 Sakshandsaming
- Kl. 11.30 Lunsj
- Kl. 12.00 Evt. vidare sakshandsaming

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Utval for opplæring og helse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Emil Lennart Pålikoff Gadolin
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 31/16	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 32/16	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 33/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 18/16	Om skuletilbod for flyktningar og asylsøkjjarar i alderen 15 - 18 år	2015/12543	
RS 19/16	Svar på spørsmål vedkomande kantinedrifta ved Fana Gymnas	2016/3308	
RS 20/16	Svar på spørsmål i OPHE vedk. Yrkesvei Helse- og omsorgsfag	2016/3331	
RS 21/16	Motorlaboratorium - Rubbestadnes vgs	2016/3379	
PS 34/16	Vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Godkjenning av endring ved Danielsen Intensivgymnas	2015/12460	
PS 35/16	Praksisbrevordninga. Ny høyring om forslag til endring i forskrift til opplæringslova mv	2015/9256	
PS 36/16	Disponering av investeringsmidler opplæringssektoren 2016	2016/1922	
PS 37/16	Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse i Hordaland	2015/6388	
PS 38/16	Ymse		

PS 31/16 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

PS 32/16 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 33/16 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 14.03.2016
Arkivsak: 2015/12543-5
Saksbehandlar: petbor5

Til:	Utval for opplæring og helse
Frå:	Fylkesrådmannen

Om skuletilbod for flyktingar og asylsøkjjarar i alderen 15 - 18 år

Fylkesrådmannen viser til fylkesdirektør opplæring si orientering på møtet i OPHE 10.11.2015 om situasjonen i samband med mottak, busetjing og skuletilbod for unge asylsøkjjarar i fylket. Det vart der sagt at Fylkesrådmannen skulle kome attende med meir informasjon når tala frå Utlendingsdirektoratet (UDI) og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) var sikrare i høve til kor i fylket det vert oppretta nye asylmottak, og kor mange vi skal ta imot.

Dei siste tala syner at om kort tid vil Hordaland huse om lag 220 ungdomar i alderen 15 – 18 år. 150 av desse er einslege mindreårige asylsøkjjarar, medan 72 bur i ordinære asylmottak med familien sin eller annan omsorgsperson. Alle må bu i mottak eller omsorgssenter til dei har fått endeleg svar på asylsøknaden sin. Dei fleste av borna og ungdomane kom til landet dei siste månadene i 2015.

25 av dei einslege mindreårige vil vere under 15 år og bu i omsorgssenter oppretta av Bufetat (Barnevernet). Fram til no har UDI inngått kontrakt med desse mottaka i Hordaland for 122 einslege søkjjarar i alderen 15 – 18 år: Stord 52 plassar, Lindås 40 plassar, Bergen 30 plassar, og for søkjjarar under 15 år har Bufetat avtale om 25 plassar i Bergen. Desse ungdomane kjem i tillegg til dei som bur i ordinære mottak saman med sine familiar. For 2016 er kommunar i Hordaland oppmoda om å busetje 452 einslege mindreårige (160 i Bergen). For 2017 er kommunane oppmoda om å busetje 715 einslege mindreårige i Hordaland (250 i Bergen).

Dei 72 (pr.11.03.16) i alderen 15 – 18 år bur i ordinære mottak i fleire kommunar i Hordaland og fordeler seg slik:

- Bergen: Landås avlastningstransitt 18 og Arna mottakssenter 4.
- Odda: Odda mottak 14
- Voss: Voss mottak 12
- Stord: Heiane mottak 12
- Bømlo: Bømlo mottak 8
- Sund: Sund mottak 3
- Ullensvang: Ullensvang mottak 1

Alder og skulebakgrunn avgjer skuletilbodet dei har rett på

Søkjjarar i skulepliktig alder – (under 16 år det året dei kjem til landet) skal få grunnskuletilbod i kommunen. Elevar som er skrivne inn i 10. trinn i grunnskulen, og som følgjer undervisninga ut skuleåret, skal ha vitnemål. Elevane har difor rett til vidaregåande opplæring same haust, sjølv om dei berre har «ikkje vurdert» i vitnemålet sitt. Desse elevane bør velje innføringsklasse i vidaregåande, eller ta imot tilbod om

ekstra år i grunnskulen om dei får dette tilbodet. I så fall må det skrivast enkeltvedtak frå grunnskulen, og føresette/verje må gje sitt samtykke.

Om elevar som vert 16 år eller meir i 2016

Om ein elev søker vidaregåande opplæring det året han fyller 16 år, må han anten ha vitnemål frå grunnskule her i landet, eller leggje fram dokumentasjon på at han har grunnskule frå heimlandet. Elevar som har hatt grunnskuleopplæring frå heimlandet, men ikkje kan dokumentere dette, skal kartleggjast av kommunen. Kommunen skal kartleggje elevane sine skulefaglege kunnskapar i fem fag, og vurdere det som sannsynleg at dei har minst 9 år grunnskule frå heimlandet.

Vurderinga skal i følge Udir sitt materiell «*Kartlegging av skolefaglige ferdigheter hos nyankomne minoritetsspråklige ungdommer*» frå 2009 gjennomførast på eleven sitt morsmål. I skriv frå Udir om endringar i reglane for inntak og formidling, datert 12.12.2014, står det at det ikkje er krav til norsk kunnskapar ved inntak til vidaregåande opplæring. Om kommunen stadfestar at eleven har hatt naudsynt opplæring frå heimlandet, kan eleven søkje seg inn i vidaregåande skule om dei andre vilkåra er fylt. Om eleven er asylsøkjjar under 18 år, har han rett til opplæring medan han ventar på å få avgjort asylsøknaden.

§ 3-1 i opplæringslova seier dette: *Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Ungdom som oppheld seg lovleg i landet i vente på å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel berre rett til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen når dei er under 18 år og det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Dei som oppheld seg lovleg i landet i vente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, og som fyller 18 år i løpet av eit skuleår, har rett til å fullføre skuleåret. For dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, gjeld retten til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen fram til dato for endeleg vedtak.*

Elevar utan grunnskule frå heimlandet skal få tilbod om grunnskule for vaksne av kommunen der dei bur.

Opplæringstilbod for elevar med kort butid

For at elevane skal få utbytte av undervisninga og ha høve til å fullføre vidaregåande opplæring, blir elevar med kort butid rådd til å søkje seg til ein innføringsklasse.

I ein innføringsklasse får eleven undervisning i seks fag; norsk, samfunnsfag, engelsk, matematikk, naturfag og kroppsøving. I Hordaland er det utarbeidd ein læreplan for innføringsklassane der fokus er «norsk i alle fag». Dette skuleåret er det 9 innføringsklassar ved 7 skular i Hordaland.

Andre tilbod i Hordaland:

- 3-årig løp i studiespesialiserande ved Bergen katedralskole.
- Vg1-tilbod minoritetsspråklege i Helse- og oppvekstfag ved Fyllingsdalen vidaregåande skole og Lønborg vidaregåande skole.
- Sommarskulen har i alle år hatt tilbod om norskundervisning for elevar med kort butid. Sidan Stord har meir enn 20 nykomne elevar som skal inn i vidaregåande opplæring i haust, vil det i sommar bli tilbod om norskgruppe på Stord i samarbeid med Røde Kors.

Kombinasjonsklasse.

I fleire år har nokre fylke og kommunar, mellom anna Vestfold fylkeskommune og Larvik kommune, fått prøve ut eit nytt opplæringstilbod i vidaregåande opplæring. Elevar med trong til meir grunnskuleopplæring, og dessutan elevar i vidaregåande opplæring med kort butid i landet, får opplæring i vidaregåande skule. Prosjektet er eit samarbeid mellom kommune og fylkeskommune. Resultata har vore så gode at Kunnskapsdepartementet no vil innføre dette som tilbod i alle fylke. Om Stortinget vedtek lovproposisjonen i juni, vil eit nytt tilbod kunne tre i kraft frå skuleåret 2016/2017. For å vere førebudd på denne moglege lovendringa, er det innleia eit samarbeid med fleire kommunar for å etablere liknande tilbod i fylket vårt.

Måla for ein kombinasjonsklasse:

- Å auke gjennomføring og fullføring av vidaregåande opplæring for elevar med kort butid ved å styrkje overgangen mellom grunnskule og vidaregåande skule.
- Å gjere elevane betre førebudde på å starte vidaregåande opplæring og kjenne betre til dei ulike utdanningsprogram ein kan velje i vidaregåande.
- Elevane kan ta grunnskuleeksamen i fem fag, og vil då ha fleire tilbod å velje mellom ved ordinært inntak til Vg1 i vidaregåande skule.
- Elevar i kombinasjonsklassen skal kunne ta eksamen i enkeltfag frå vidaregåande.
- Elevane i kombinasjonsklassen får dele skule med ungdom i same alder.



Notat

Dato: 16.03.2016
Arkivsak: 2016/3308-1
Saksbehandlar: ARNREKV

Til:	Utval for opplæring og helse
Frå:	Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedkomande kantinedrifta ved Fana Gymnas

Fylkesrådmannen viser til følgjande vedtak i fylkestinget 08.12.2015, sak 89/15, pkt. 10:

«Fylkestinget ber rådmannen ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana vgs.»

Fylkesrådmannen viser vidare til saksprotokoll frå møte i Utval for opplæring og helse 10.03.2016, der Tor André Ljosland i OPEN TIME stilte spørsmål om kantinedrifta ved Fana Gymnas. Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet og ville koma attende med utfyllande informasjon til neste møte.

Lokala til Fana Gymnas skal ikkje lenger nyttast av Hordaland fylkeskommune. Vidare kantinedrift der vil difor ikkje vere føremålstenleg, korkje for HFK eller for Midttun verksted AS som driv kantina i dag. Dersom HFK skal «ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana Gymnas», vil dette såleis måtte innebere ei flytting av verksemda til annan eigna plass i organisasjonen. Dette er problematisk både i høve regelverket for offentlege innkjøp, og i forhold til den kontrakten som ligg føre mellom HFK og Midttun verksted AS. Avtalen HFK har med Midttun verksted AS, er ein tenestekonsesjonskontrakt som er avgrensa til «drift av kantinekjøkkenet ved Fana Gymnas». Kontrakten har 3 månaders gjensidig oppseiingsrett.

I medhald av lov om offentlege innkjøp kan ikkje HFK tilby ein ny kontrakt til Midttun verksted AS ved ein annan skule, tenestestad eller verksemd utan fyrst å gjennomføre ei open, offentlig utlysing av kontrakt, der prinsippet om likebehandling overfor andre potensielle leverandørar vert ivareteke. Dette ville i så tilfelle utgjere ei vesentleg endring av gjeldande kontrakt, noko som igjen vil kunne medføre risiko for rettslege krav frå konkurrerande verksemdar.

Ein kan på generelt grunnlag leggje til rette for at bedrifter som legg til rette for VTA-plassar, i større grad driftar kantinetenestene ved våre skular gjennom å be skulane vurdere reserverte kontraktar. Reserverte kontraktar avgrensar den offentlege utlysinga til berre å omfatte organisasjonar der fleirtalet av dei tilsette som er involvert i kontrakten har funksjonshemmingar. Slike reserverte konkurransar kan likevel ikkje avgrensast til berre å gjelde ein leverandør (Midttun verksted AS).

Fylkesrådmannen vurderer det slik at HFK ved Opplæringsavdelinga ikkje kan stå ansvarleg for å sikre vidare kantinedrift for Midttun verksted AS. Ei vidareføring av noverande kontrakt ein annan stad i

organisasjonen vil utgjere ei vesentleg endring av gjeldande kontrakt, som er avgrensa til «drift av kantinekjøkkenet ved Fana Gymnas». Vel ein derimot å opprette ein ny kontrakt med Midttun verksted AS under nye føresetnader, vil det vere å rekne som eit direkte ulovleg innkjøp. Dette vil innebere brot på lovverk om offentlege innkjøp og i tillegg vere i strid med formålet om likebehandling regelverket.



Notat

Dato: 17.03.2016
Arkivsak: 2016/3331-2
Saksbehandlar: tormje

Til:	Utval for opplæring og helse
Frå:	Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål i OPHE vedk. Yrkesveg Helse- og omsorgsfag

Fylkesrådmannen viser til følgjande oversendingsforslag frå Rasmus L. Rasmussen under OPEN TIME i møte i OPHE 10.03.16:

«Vi ber administrasjonen undersøke om Rogaland fylkeskommune har satt i gang en ordning med y-veien innenfor helse og oppvekstfaget, og eventuelt legge frem informasjon om dette som melding i neste møte i OPHE».

Y-Vei i Helse og oppvekstfag forsøk i Rogaland fylkeskommune.

Fylkesadministrasjonen har vore i kontakt med Rogaland fylkeskommune, og det er ingen yrkesveg inn i høgare utdanning innan helse- og oppvekstfaga. Administrasjonen har vidare sjekka med Utdanningsdirektoratet om dette og har fått følgjande svar:

«Kunnskapsdepartementet har gjennom tildelingsbrev gitt to høyskoler oppdrag med å utvikle yrkesvei.

- Høyskolen Oslo og Akershus for utvikling av Yrkesvei innen Sjukepleiar og Barnehagelærer.
- Høyskolen i Harstad for utvikling av Yrkesvei til barnevernspedagog og vernepleiar.»

Begge tilboda er planlagt starta opp hausten 2016. I fyrste omgang er dette ei forsøksordning. Lærlingar i Hordaland med fagbrev innan Helsefagarbeidar og Barne og ungdomsarbeidar kan søkje på dette tilbodet. Hordaland fylkeskommune er blitt kontakta av Høgskolen i Harstad om korleis dei kan nå våre lærlingar med informasjon. Dette skal vi sjå på saman med Høgskolen i Bergen.

NotatDato: 17.03.2016
Arkivsak: 2016/3379-1
Saksbehandlar: oydzien

Til:	Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Motorlaboratorium - Rubbestadnes vidaregåande skule

Rubbestadnes vidaregåande skule har i samarbeid med lokalt næringsliv på Bømlo teke initiativ til å fornye skulen sitt motorlaboratorium. Styringsgruppa for prosjektet *Realistisk trening i fullskal maskinrom* består av Wårtsila, Eidesvik og Rubbestadnes vgs.

Føremålet med prosjektet er å fornye skulen sitt motorlaboratorium. Utstyret skulen har i dag, er frå 70-talet og held dårleg mål. Moderne motormannopplæring krev maskinrom der det er mogleg å gje realistisk trening, blant anna gjennom å kjøre, teste, vedlikehalde og måle motorar. I prosjektet som er planlagt, vil det også kunne vere mogleg å teste ut nye, miljøvenlege teknologiar i ekte maskinmiljø. Nye maskiner vil ha ei levetid på om lag 20 -30 år, mens styringssystema vil måtte graderast opp oftare.

Fylkesrådmannen gjorde greie for prosjektet i eit notat til fylkesutvalet i juni 2014 (2014/14933-47) på bakgrunn av ein interpellasjon. I notatet blei det blant anna vist til at prosjektet hadde ei kostnadsramme på om lag 15 mill. kroner, og at 50 % skulle kome frå lokalt næringsliv, og 1 mill. frå Bømlo kommune. Det som fyrst og fremst mangla, var midlar til bygningsmessige tilpassingar som måtte gjerast for å realisere prosjektet. Fylkesrådmannen var positiv til tiltaket, men viste til at det måtte tilpassast vedtekne planar og evna skulen har til å skaffe medfinansiering.

I desember 2014 vedtok fylkestinget i sak 75/2014 at : «*Motorrom Bømlo. Fornyelse av motorrom ved Rubbestadneset gjennomføres i løpet av 2015 med bruk av midler frå investeringsbudsjettet ramme for mindre ombygginger/påbygg.*» Arbeidet blei derfor starta opp med eit forprosjekt i 2015. Rapporten frå forprosjektet låg føre i desember 2015. Kostnadsramma for prosjektet var no komen opp i 23 mill. ekskl. moms. Det er så langt sett av 3 mill. til ombyggingar, og i møte med styret i februar 2016 kom det fram at lokalt næringsliv kunne bidra med om lag 5 - 6 mill. Det manglar likevel om lag 15 -17 mill. på at prosjektet er fullfinansiert.

Fylkesrådmannen ser at det er eit behov for fornying av utstyret ved motormannopplæringa, og vil kome tilbake til dette når det er fatta vedtak i saka om rullering av skulebruksplanen.



Arkivnr: 2015/12460-9
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	34/16	07.04.2016
Fylkesutvalet		20.04.2016

Vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Godkjenning av endring ved Danielsen Intensivgymnas

Samandrag

Utdanningsdirektoratet har fatta vedtak om godkjenning av endring ved Danielsen Intensivgymnas, politisk sak 13/2016 i Utval for opplæring og helse, handsama i møte 10.02.2016. Hordaland fylkeskommune uttalte seg i saka og var negativ til godkjenninga. Fylkeskommunen har klagerett.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune klagar på vedtaket frå Utdanningsdirektoratet om å godkjenne søknaden om endring ved Danielsen Intensivgymnas med den grunngevinga som går fram av saksframlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Vedtak frå Utdanningsdirektoratet

Fylkesrådmannen, 15.03.2016

Danielsen intensivgymnas søkte om godkjenning for 60 elevplassar på påbygg til generell studiekompetanse, ei endring i eksisterande godkjenning etter friskulelova. Hordaland fylkeskommune uttalte seg i saka, i Uval for opplæring og helse, sak 13/2016, handsama i møte 10.02.2016 og gjennom politisk sak 51/2016 i fylkesutvalet, handsama i møte 24.02.2016. Fleirtalet i begge utvala var negativ til søknaden, og fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak:

«Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen, om enn ikkje dramatiske. Fylkesutvalet tilrår ikkje at søknaden vert godkjent.

For å prøve å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring har ein tverrpolitisk i Hordaland lagt ned tilbod om allmennfaglig påbygging i den offentlege skulen. Ei utviding av tilbodet i private skular, vil svekke fylkeskommunens mulighet til å dimensjonere tilbodet i tråd med dei strategiane ein har for å auke gjennomføringa.»

Utdanningsdirektoratet gjorde 10.03.2016 vedtak i saka og kom i møte den omsøkte endringa frå Danielsen. Det følgjer av friskulelova § 2-1 første ledd at vertsfylket har klagerett på vedtak om driftsendringar. Klagefristen er i utgangspunktet 31. mars. For å rekke å legge vedtaket fram for politisk handsaming, har fylkesrådmannen bedt om utsett klagefrist til 22. april.

Utdanningsdirektoratet skriv i sitt vedtak at dei har gjort ei skjønsvurdering som mellom anna er basert på konsekvensane av ei godkjenning for den offentlege skulestrukturen og kva trong det er for endringa. Utdanningsdirektoratet meiner at konsekvensane for den offentlege skulestrukturen ikkje er dramatiske og legg vekt på at dette er ei anna fordeling av elevplassar, ikkje ein total auke i elevplassar i friskular. Vidare skriv Utdanningsdirektoratet at det pr i dag berre er 30 elevplassar på Vg3/Vg4 påbygging til generell studiekompetanse i Hordaland fylke, på ein friskule som er godkjend på grunnlag av å vere ein livssynsskule med kristen grunnlag.

Negative konsekvensar for offentleg skulestruktur

I saksframlegget for uttalen frå HFK stod det følgjande om dei negative konsekvensane for den offentlege skulestrukturen:

«Skuleplassane skal leggjast til eksisterande skulebygg sentralt i Bergen. Godkjenninga gjeld Hordaland fylke, og skulle søknaden få medhald, vil skulen kunne flytte til ein annan stad i fylket utan å miste godkjenninga. Vurderinga av konsekvensane for den offentlege skulestrukturen må difor ta utgangspunkt i fylket som heilskap».

I fylket som heilskap er det kapasitet til 1316 elevar på påbygg. Pr 22.01.2016 går det 1176 elevar på påbygg, fordelt på Vg3 påbygg til generell studiekompetanse (PBPBY3) og Vg4 Påbygg etter fag- og yrkesopplæring (PBPBY4YK). Det er altså overkapasitet på tilbodet. Ved justeringa av skulebruksplanen i desember 2015 vart tilbodet ved Garnes vidaregåande skule lagt ned, noko som endrar total kapasitet til 1286 plassar. Dette gjev ein overkapasitet på 110 elevplassar.

Per 22.01.2016 er det 1176 elevar på påbygg i fylket, fordelt på desse skulane slik:

Øystese gymnas	15
Bømlo vidaregåande skule	30
Kvinnherad vidaregåande skule	47
Voss vidaregåande skule	51
Slåtthaug videregående skole	98
Knarvik vidaregåande skule	133
Laksevåg videregående skole	109
Åsane videregående skole	79

Årstad vidaregåande skole	59
Austrheim vidaregåande skule	29
Askøy vidaregåande skole	27
Fusa vidaregåande skule	33
Sotra vidaregåande skule	58
Os vidaregåande skule	49
Fyllingsdalen vidaregåande skole	79
Fitjar vidaregåande skule	59
Lønborg vidaregåande skole	27
Stend vidaregåande skule	30
Etne vidaregåande skule	19
Olsvikåsen vidaregåande skole	31
Nordahl Grieg vidaregåande skole	51
Garnes vidaregåande skule	30
Stord vidaregåande skule	31
Amalie Skram vidaregåande skole	32
	1176

Det er i hovudsak to argument som talar mot ein positiv uttale. Det er per i dag ein overkapasitet på tilbodet innan påbygg. Godkjenning vil ha ein viss grad av negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen, om enn ikkje dramatiske, ettersom det vert søkt om 60 elevplassar. Det har dei siste åra vore ei viss politisk interesse for ein reduksjon i talet på elevar som tek påbygg, fordi det har vore eit sterkt ønskje om at fleire skal ta fag-/sveinebrev. Ei samla utbygging av tilbodet med påbygg vil kunne verke negativt på dette ønsket.

På den andre sida finst det moment som talar for ein positiv uttale, til dømes at det er overkapasitet på studieførebuande utdanningsprogram i Bergen, slik at ein reduksjon av elevplassar innan desse programma er noko fylkeskommunen er positiv til.

Det er noko uvisst korleis oljekrisa vil påverke søkjarmassen til Vg3 og Vg4 Påbygg neste år. Ein kan gå ut frå at nedgangen i sysselsetjing i oljerelaterte næringar vil halde fram, og at det difor vil vere færre nye læreplassar. Ein del av behovet for læreplassar kan fylkeskommunen måtte tilby som Vg3 i skule som førebuing til fag-/sveineprøve, men ein del elevar vil truleg søkje påbygg etter Vg2. Vidare kan ein tenkje seg at arbeidsmarknaden vil vise nedgang i talet på nyttilsetjingar av ungdom som har teke fag-/sveinebrev, og at ein kan få ein auke i talet på Vg4 Påbygg etter fag-/sveinebrev.

Desse innvendingane mot godkjenninga er ikkje endra.

Trong for endringa

Utdanningsdirektoratet skriv at det pr. i dag er 30 elevplassar på Vg3/Vg4 påbygging til generell studiekompetanse i Hordaland på friskule som er godkjent på grunnlag av å vere ein livssynsskule med kristen grunnlag. Det er i tillegg til dette tilbod om påbygg ved to andre friskular, Metis akademiet og Fana Private Gymnas, tidlegare Sonans vidaregåande skole. Trongen for fleire elevplassar ved friskular samla sett gjev neppe grunnlag for godkjenning frå Hordaland fylkeskommune.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har om lag 10% av innbyggjarane i landet, likevel har vi mellom 17 og 18% av alle elevplassane i friskulane i landet. Dette har store konsekvensar for den offentlege skulestrukturen samla sett, og det er difor grunn til å spørje om det er trong for fleire elevplassar i friskular i Hordaland. Fylkesrådmannen rår til at vedtaket frå Utdanningsdirektoratet vert klagt inn for Kunnskapsdepartementet.

Vår saksbehandler: Magne Hopland Engebretsen

Vår dato:
10.03.2016
Deres dato:
01.04.2014

Vår referanse:
2004/1586
Deres referanse:

Foreningen Danielsen Intensivgymnas
intensivgymnaset@danielsen-skoler.no

Vedtak om godkjenning - Endring av tilbud ved godkjent videregående skole. - Foreningen Danielsen Intensivgymnas (org.nr. 989077627)

Utdanningsdirektoratet viser til søknad fra Foreningen Danielsen Intensivgymnas datert 1. april 2014 og suppleringer datert 9. mars 2016.

Søknadsbehandlingen har avventet avklaringer knyttet til skolens mulighet til å prioritere voksne søkere før ungdom med rett til videregående opplæring.

Foreningen Danielsen Intensivgymnas søker om en omfordeling av 60 elevplasser fra Vg1-Vg3 studiespesialiserende utdanningsprogram til Vg3/Vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter friskoleloven § 2-1 første ledd første punktum, jf. andre ledd bokstav a. livssyn.

Vedtak

Utdanningsdirektoratet imøtekommer søknaden fra Foreningen Danielsen Intensivgymnas (org.nr. 989077627) etter friskoleloven § 2-1 første ledd første punktum, jf. andre ledd bokstav a. livssyn.

Skolen er fra og med høsten 2016 godkjent for inntil 250 elevplasser med følgende fordeling:

Studiespesialisering (ST) LK06 med inntil 190 elever fordelt på følgende programområder:

Vg1: Studiespesialisering (STUSP1)
Vg2: Realfag Vg2 (STREA2)
Vg2: Språk, samfunnsfag og økonomi Vg2 (STSSA2)
Vg3: Realfag Vg3 (STREA3)
Vg3: Språk, samfunnsfag og økonomi Vg3 (STSSA3)

Studiespesialisering påbygging (PB) LK06 med inntil 60 elever fordelt på følgende programområder:

Vg3: Vg3 påbygging til generell studiekompetanse (PBPBY3)
Vg3: Vg4 påbygging til generell studiekompetanse (PBPBY4YK--)

KFFs læreplan Kristendomskunnskap i studieforberevende utdanningsprogrammer (KRI1003 og KRI1004) er obligatorisk for alle elever.

Postadresse:
Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO
Besøksadresser:
Schweigaards gate 15 B, Oslo
Britveien 4, Molde
Parkgata 36, Hamar

Telefon
+47 23 30 12 00
Telefaks:
+47 23 30 12 99

E-post:
post@utdanningsdirektoratet.no
Internett:
www.utdanningsdirektoratet.no

Bankgiro:
7694 05 10879
Org.nr.:
NO 970 018 131 MVA

I tillegg har skolen implementert KFFs læreplantillegg i norsk og naturfag.

Rettslig grunnlag

I friskoleloven § 2-1 heter det bl.a.:

Departementet kan godkjenne frittstående skolar og driftsendringar ved godkjende frittstående skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet, eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast. Verts kommunen eller vertsfylket skal få høve til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og dei kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.

Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:

[...]

a. livssyn

[...]

Opplæringa skal vere på norsk eller samisk. Dette kravet gjeld likevel ikkje internasjonale skolar. Viktige dokument om verksemda etter lova skal i alle høve vere tilgjengelege på norsk eller samisk.

Godkjenninga fell bort dersom ein skole ikkje startar opp verksemda si etter lova i løpet av tre skoleår etter at godkjenning vart gitt. Det same gjeld om drifta etter lova blir nedlagd.[...]"

Utdanningsdirektoratets vurdering

Utdanningsdirektoratet har gjennomgått søknaden til Foreningen Danielsen Intensivgymnas og finner at den tilfredsstillende friskolelovens minstekrav. Utdanningsdirektoratet har gjort følgende vurderinger:

Budsjett:

Søknaden om endring medfører ikke en endring av tilskuddsgrunnlaget til skolen. Det er samme tilskuddssats som brukes for påbygging til generell studiekompetanse.

Skolens budsjett er vurdert og funnet tilfredsstillende i henhold til økonomiforskrift § 2, krav til budsjett.

Elever som blir tatt inn på Vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring, må omregnes til deltids elever. Dette siden dette opplæringstilbudet har et omfang på 645 årstimer, i motsetning til Vg3 påbygging til generell studiekompetanse som har et omfang på 841 årstimer. Vi viser her til rundskriv Udir-01-2015.

Vi minner om friskolelova § 6-3 Krav til bruken av offentlige tilskot og skolepengar, «*Alle offentlige tilskot og skolepengar skal kome elevane til gode.*»

Inntak

Postadresse:

Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO

Besøksadresser:

Schweigaards gate 15 B, Oslo

Britveien 4, Molde

Parkgata 36, Hamar

Telefon

+47 23 30 12 00

Telefaks:

+47 23 30 12 99

E-post:

post@utdanningsdirektoratet.no

Internett:

www.utdanningsdirektoratet.no

Bankgiro:

7694 05 10879

Org.nr.:

NO 970 018 131 MVA

Alle voksne elever som tas inn ved skolen må realkompetansevurderes før inntak. Dette følger av friskoleloven § 3-1 andre ledd tredje punktum, «Heimfylket skal vurdere realkompetansen til ein vaksen søkjar før han eller ho kan takast inn som elev ved ein vidaregåande skole».

Inntaket av disse elevene til skolen skal skje på bakgrunn av realkompetansevurderingen. Dette innebærer at det kun er i de fagene som det fremgår av realkompetansevurderingen at eleven ikke har likeverdig kompetanse som bestått videregående opplæring, at eleven kan tas inn på.

Siden skoler godkjent etter friskoleloven ikke er spesielt organisert for voksne, og heller ikke er godkjent for å tilby opplæring etter opplæringsloven Kapittel 4A, får voksne som tas inn på en privatskole elevstatus. Dette innebærer at alle rettighetene i friskoleloven gjelder, inkludert spesialundervisning og skyss, og at elevene må følge den vanlige fag og timefordelingen som følger av Kunnskapsløftet i de fagene som eleven tas inn på.

Kunnskapsdepartementet har i klagesaken til Den norske skolen Costa Blanca datert 29. april 2014 fastslått følgende:

«Private skoler godkjent etter privatskoleloven har ikke anledning til å ta inn elever som tar om igjen fag. Elever ved private videregående skoler må, på lik linje med andre, benytte den offentlige privatistordningen for å ta om igjen fag.»

Skolen kan altså ikke ta inn elever som ønsker å forbedre karakterene sine. Dette gjelder alle elever ved skolen, altså både ungdom og voksne, med og uten rett til videregående opplæring."

Som Kunnskapsdepartementet fastslår må elever som tar om igjen fag benytte seg av den offentlige privatistordningen.

Skjønnsmessig vurdering

I tillegg til å vurdere om skolen tilfredsstillere minstekravene i loven, har Utdanningsdirektoratet foretatt en skjønnsmessig vurdering som blant annet er basert på hvilke konsekvenser godkjenningen vil få for den offentlige skolestrukturen og hvilket behov det er for endringen.

Hordaland fylkeskommune (vertsfylket) er i tråd med friskoleloven § 2-1 første ledd gitt anledning til å uttale seg om saken. I brev datert 26. februar 2016 heter det blant annet:

«Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen, om enn ikkje dramatiske. Fylkesutvalet tilrår ikkje at søknaden vert godkjent.

For å prøve å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring har ein tverrpolitisk i Hordaland lagt ned tilbod om allmennfaglig påbygging i den offentlege skulen. Ei utviding av tilbodet i private skular, vil svekke fylkeskommunens muligheit til å dimensjonere tilbodet i tråd med dei strategiane ein har for å auke gjennomføringa.»

Siden dette er snakk om kun en omfordeling av allerede godkjente elevplasser, og ikke at det skal etableres flere elevplasser ved en frittstående videregående skole i fylket,

Postadresse:
Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO
Besøksadresser:
Schweigaards gate 15 B, Oslo
Britveien 4, Molde
Parkgata 36, Hamar

Telefon
+47 23 30 12 00
Telefaks:
+47 23 30 12 99

E-post:
post@utdanningsdirektoratet.no
Internett:
www.utdanningsdirektoratet.no

Bankgiro:
7694 05 10879
Org.nr.:
NO 970 018 131 MVA



mener Utdanningsdirektoratet at et vedtak om omfordeling ikke vil være dramatisk for fylkeskommunen.

Det eksisterer i dag kun 30 elevplasser i Vg3/Vg4 påbygging til generell studiekompetanse i Hordaland fylkeskommune på en friskole som er godkjent på grunnlag av å være en livssynsskole med kristen grunnlag.

Konklusjon

På bakgrunn av det ovenstående finner Utdanningsdirektoratet å kunne imøtekomme søknaden om godkjenning etter friskoleloven § 2-1 andre ledd a. livssyn.

Informasjon om klagemulighet

Utdanningsdirektoratets vedtak kan klages inn for Kunnskapsdepartementet. Etter forvaltningsloven § 29 er fristen for å klage tre uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem. Etter forvaltningsloven § 32 er det nærmere regler om klagens adressat, form og innhold. Det understrekes at klagen skal sendes det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket. Etter forvaltningsloven §§ 18 og 19 har parten rett til å se sakens dokumenter.

Vennlig hilsen

Einar Simonsen Plahter
avdelingsdirektør

Magne Hopland Engebretsen
seniorrådgiver

Kopi:

Kunnskapsdepartementet
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland

Postadresse:
Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO
Besøksadresser:
Schweigaards gate 15 B, Oslo
Britveien 4, Molde
Parkgata 36, Hamar

Telefon
+47 23 30 12 00
Telefaks:
+47 23 30 12 99

E-post:
post@utdanningsdirektoratet.no
Internett:
www.utdanningsdirektoratet.no

Bankgiro:
7694 05 10879
Org.nr.:
NO 970 018 131 MVA



Arkivnr: 2015/9256-17
Saksbehandlar: Marianne Haaland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	10/16	05.04.2016
Utval for opplæring og helse	35/16	07.04.2016
Fylkesutvalet		20.04.2016

Praksisbrevordninga. Ny høyring om forslag til endring i forskrift til opplæringslova mv

Samandrag

Ordninga med praksisbrev blir etablert frå hausten 2016 på to skular i Hordaland i tråd med politisk vedtak i fylkesutvalet 19.02.2014.

I samband med vidare forsøk med ordninga har Utdanningsdirektoratet sendt på høyring forslag til endring i opplæringslova kap. 3, 5, 6, 8 og 11.

Fylkesrådmannen si tilråding til forslaga om endring i opplæringslova m.v. følger.

Forslag til innstilling:

Fylkesutvalet vedtek høyringssvar om endringar i opplæringslova i tråd med saksframstillinga her.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.03.2016

Utdanningsdirektoratet har sendt ut på høring forslag om endring til forskrift til opplæringslova i samband med utvida forsøk med praksisbrevordninga i ytterlegare to år. Det inneber at praksisbrevordninga, praksisbrevkandidat og praksisbrevprøve blir innført som nye omgrep i lov og forskrift.

For meir informasjon, sjå originalbrev frå Utdanningsdirektoratet på:
<http://www.udir.no/Regelverk/Horinger/Saker-ute-pa-horing/horing-om-praksisbrevordningen/>
 For informasjon om siste høring om praksisbrevordninga, sjå sak 2015/9256-13, handsama i OPHE 14.01.2014.

Praksisbrevordninga har fellestrekk med både lærlingordninga og lære kandidatordninga, men det er også skilnader. Hovudskilnaden på praksisbrev og lærlingordninga er at opplæringa i praksisbrev omfattar færre kompetansemål i programfaga enn den ordinære læreplanen. Ordninga skil seg frå lære kandidatordninga ved at alle praksisbrevkandidatane innan eit lærefag følgjer den lokalt fastsette læreplanen. Praksisbrevløpet er såleis ikkje individuelt tilpassa slik lære kandidatordninga er.

Udir har forslag om endring i forskrift til opplæringslova kap. 3, 5, 6, 8 og 11. Frist for innsending av høyringsuttale er 11.4.2016.

Udir sine forslag til endringar og våre forslag til svar er som følgjer:

Punkt 4.1 Nasjonale rammer for lokal utvikling av læreplaner for praksisbrev

- *Er dere enig i at det fastsettes en forskrift om nasjonale rammer for lokal utvikling av læreplaner for praksisbrev?*
Det blir gitt forskrift til opplæring i fellesfag og programfag. Formålet er å gjøre opplæringa standardisert.

Svar: Ja

- *Lokale læreplaner blir utarbeidet i samarbeid med lokalt arbeidsliv. Læreplaner skal utvikles med det formål å dekke lokalt behov for arbeidskraft.*

Svar: Ja, mål kan plukkast ut i samarbeid med lokale verksemder i det enkelte fylke

Punkt 4.2.1 Praksisbrevprøven

- Bør praksisbrevprøven være en 5 timers praktisk prøve for alle,*
- eller bør praksisbrevprøven gis et lokalt handlingsrom, men at det fastsettes en øvre og nedre tidsramme for omfanget av praksisbrevprøven på nasjonalt nivå?*

Svar: Tiltrår alternativ b) - lokalt handlingsrom med øvre og nedre tidsramme

- *Er dere enige i disse rammene for praksisbrevprøven? Dvs. praksisbrevprøven skal utarbeides og gjennomføres etter samme prinsipper som fag- og svenneprøven, men skal være innenfor de rammene som læreplanen for praksisbrevet setter.*

Svar: Ja

- *Er dere enig i karakterskalaen? (ikke bestått, bestått/bestått meget godt)*

Svar: Ja

Punkt 4.2.2 Trekkordningen

Udir foreslår at praksisbrevkandidaten kan trekkes ut i ett av de tre fellesfagene norsk, samfunnsfag eller matematikk iht. gjeldende ordning til eksamen bestemt av Udir og vurderingsordning som er beskrevet i de aktuelle læreplaner.

- *Er dere enig i denne trekkordningen?*

Svar: Ja

Punkt 4.2.3 Dokumentasjon

- *Er dere enig i at det gis dokumentasjon i form av «praksisbrev»*

Svar: Ja

Punkt 4.2.4 Kompetansebevis

- *Bør det være automatikk i at kompetansebeviset utstedes samtidig som praksisbrevet?*

Svar: Nei, kandidatane må ta 3102-eksamen, som kan takast når som helst i opplæringa

Punkt 4.2.5 Rett til å gå opp til praksisbrevprøven med ikke bestått i ett fellesfag

- *Er dere enig i at praksisbrevkandidaten skal være omfattet av unntaksordningen med ikke bestått i ett fellesfag?*

Svar: Ja, det er ein parallell til ordninga for lærlingar

Punkt 4.2.6 Unntak for kravet til bestått

- *Er dere enig i at praksisbrevkandidater skal være omfattet av unntaksordningen med unntak fra ett fellesfag?*

Svar: Ja, fritak i berre eitt fellesfag, det er ein parallell til ordninga for lærlingar

Punkt 4.3 Klage på vurdering

Forslag om at praksisbrevkandidater skal ha rett til å klage på praksisbrevet etter samme ordning som gjelder for kompetanseprøven i forskrift til opplæringsloven 5-14.

- *Er dere enig i denne klageordningen?*

Svar: Ja

Punkt 4.4 Inntak og formidling**Punkt 4.4.1 Ikke et søkbart tilbud**

- *Er dere enig i at ungdom som er interessert i praksisbrev, på vanlig måte søker seg til utdanningsprogram der det tilbys praksisbrev, og at de melder sin interesse i Vigo-web?*

Svar: Ja, men det må opprettast avkryssingsboks i Vigo. Det er særleg viktig med god informasjon på førehand til søkjarar og føresette

Punkt 4.4.2 Inntakskriterier

- *Er dere enig i at det brukes en «inntaksmodell» med poeng og intervju?*

Svar: Ja, jfr. inntak til vekslingsmodellen i Hordaland

Punkt 4.4.3/4.4.4 Formidling

- Forslag om at formidling av søkere til praksisbrev kommer under samme regelverk som formidling av lærlinger og lære kandidater der fylkeskommunen har plikt til å formidle søkere med ungdomsrett til lærebedrifter det er inngått avtale om læreplass med*
- Avtale om annen organisering*

- *Er dere enige i denne modellen?*

Svar: Alternativ b). Fylkesrådmannen ønskjer ikkje at fylkeskommunen skal ha ansvar for formidling av søkjarar til lærebedrift, men at ansvaret skal ligge på skulen. Avtale med bedrifter må vere på plass frå starten av skuleåret.

Punkt 4.4.5 Tydelig informasjon om praksisbrevordning

Svar: Ja, dette er viktig

Punkt 4.4.6 Praksisbrevkandidater som ønsker å gå frem mot fullt fag- eller svennebrev**Punkt 4.4.7 Kroppsøving og prosjekt til fordypning**

Praksisbrevkandidater som ønsker å gå frem mot fullt fag- eller svennebrev, må oppfylle de samme kravene til fag- og svennebrev som ordinære lærlinger, jfr. forskrift til opplæringsloven § 3-67. I overgangen fra praksisbrevkandidat til lærling må fylkeskommunen bruke det handlingsrommet som er innenfor dagens regelverk, og som vil være mest tjenlig for den enkelte lærling som allerede har bestått praksisbrevet.

Det følger av fag- og timefordelingen for de yrkesfaglige utdanningsprogrammene at det som hovedregel er et krav til både kroppsøving og prosjekt til fordypning. Praksisbrevkandidater som går mot fullt fag- eller svennebrev har vært aktive i bedrift i hele opplæringsløpet og kan sammenlignes med de som går 0+4 løp. Udir foreslår at praksisbrevkandidater som velger å gå frem mot fullt fag- eller svennebrev, på lik linje med lærlinger uten vg1 og vg2 i skole, er fritatt for kroppsøving og prosjekt til fordypning.

- *Er dere enig i dette?*

Svar: Ja

Punkt 4.5 Om godskriving

Godskriving av tidligere gjennomgått opplæring og praksis vil komme til anvendelse på praksisbrevet så langt det passer. Fylkeskommunen er ansvarlig for å vurdere fremlagt dokumentasjon og fatter vedtak i samsvar med § 11-10.

Punkt 5 Økonomiske og administrative konsekvenser

Etter Udirs sin vurdering vil tilbud om praksisbrev ikke ha vesentlige økonomiske utfordringer for fylkeskommunen. Hvis fylkeskommunen har ansvar for deler av opplæringen, blir tilskuddet til bedrifter tilsvarende avkortet.

Svar: Etter fylkesrådmannens vurdering vil ordninga medføre auka kostnader for skuleeigar og skulane. Det vil vere naudsynt med etablering av kontaktlærar for elevane i heile opplæringsperioden. Forskinga viser at den viktigaste suksessfaktoren er at elevane får avtale om praksis i bedrift frå første dag, og at skulen tar ansvar for oppfølging av elevane også i den tida dei er ute i bedrift.

Bedriftene skal ha tilskot til opplæring frå første dag.

Det er uklårt kven som skal koste opplæring i programfaga.



Arkivnr: 2016/1922-1
Saksbehandlar: Marit Virkesdal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	36/16	07.04.2016
Fylkesutvalet		20.04.2016

Disponering av investeringsmidlar opplæringssektoren 2016**Samandrag**

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 35 millionar i investeringsmidlar som vert fordelt, 5 millionar til tiltak i samband med oppfølging av skulebruksplanen og 30 millionar til større undervisningsutstyr. Tabellen syner forslag til fordeling.

Kategori	Sum
Oppfølging av skulebruksplan - tiltak	5,00 mill kr
Utstyrsmidlar vidaregåande skular	18,64 mill kr
Utstyrsmidlar fagskular	1,36 mill kr
IT og telefoni	9,50 mill kr
Reinhaltsutstyr	0,50 mill kr
Totalt	35,00 mill kr

Forslag til innstilling

Investeringsmidlar for 2016 til opplæringssektoren vert fordelt slik:

1. Oppfølging av skulebruksplan – tiltak 5,00 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular 18,64 mill kr
3. Utstyrsmidlar fagskular 1,36 mill kr
4. IT og telefoni 9,50 mill kr
5. Reinhaltsutstyr 0,50 mill kr
6. Totalt 35,00 mill kr

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.03.2016

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 35 millionar kroner i investeringsmidlar som vert fordelt; 5 millionar som i budsjett 2016 er omtala som «Oppfølging skulebruksplan – tiltak» og 30 millionar som er omtala som «Større undervisningsutstyr».

Dei siste åra har prosedyren vore at dei vidaregåande skulane og fagskulane som har trong for utstyr, søker Opplæringsavdelinga om investeringsmidlar. Avdelinga vil i 2016 gå gjennom og vurdere mottekne søknader 2 gongar (i april og september). Søknadene vert vurdert mot generelt behov, krav i læreplanar og strukturelle endringar, til dømes nye utdanningstilbod.

Tidlegare hadde fylkesdirektør opplæring 10 millionar kroner årleg i driftsmidlar til dei vidaregåande skulane til mindre utstyr og inventar. Vidare var det om lag 10 millionar i investeringsmidlar til utstyr og om lag 10 millionar til it-utstyr. Frå 2012 er utstyrspotten i driftsbudsjettet redusert til 1 million kroner. Ein er difor avhengig av å bruke investeringsmidlar for å kunne tildele midlar til dei utstyrsføremåla som skulane har behov for.

Skulane melder om eit stort etterslep og behov for investeringar i diverse utstyr. Typiske føremål for utstyrsinvesteringar dei siste åra har vore møblar og inventar, kjøp av transportmiddel, fornying av utstyr til ulike utdanningsprogram og diverse IT og telefoni. Førebels har 31 av dei vidaregåande skulane meldt behov for utstyr for i overkant av 60 millionar kroner, mens fagskulane melder om behov for 11,5 millionar kroner. Fleire vidaregåande skular har dessutan meldt inn at dei held på å kartleggje behov og undersøkje prisar, og at dei vil sende inn søknad innan søknadsfristen i april. Det er sannsynleg at innmeldt behov pr april vil liggje på ca 90 millionar berre for dei vidaregåande skulane. I tillegg kjem 11,5 millionar for fagskulane.

Oppfølging av skulebruksplan – 5 millionar kroner

Skular med nye utdanningsprogram

I samband med arbeidet med skulebruksplanen kan det kome endringar i dimensjonering og lokalisering av dei ulike utdanningstilboda. Ein del skular kan då ha behov for å gjere ein del investeringar og tilpassingar i sine tilbod.

Det er pr d.d. planlagt at Amalie Skram vgs skal tilby utdanningsprogrammet «Medium og kommunikasjon», at Stend vgs skal tilby «Service og samferdsel», at Årstad skal tilby «Studiespesialiserande» og at Fusa vgs og Olsvikåsen vgs skal tilby Kunst, design og arkitektur frå hausten 2016. I samband med dette er det nødvendig å investere i noko nytt utstyr, samt mindre bygningsmessige tilpassingar.

Det er vedtatt å auke elevtalet ved Bergen katedralskole. I samband med dette har skulen behov for eit nytt naturfagrom. Mykje utstyr vert overtatt frå Bjørgvin, men det vil vere behov for å supplere med noko nytt.

I samband med opninga av nye Voss vidaregåande kan det bli behov for nokre investeringar som må dekkast av Opplæringsavdelinga sitt investeringsbudsjett.

Fylkesdirektør opplæring vil ta ei fortløpande prioritering av behova.

Utstyrsmidlar til dei vidaregåande skulane – 18,64 millionar kroner

Inventar og utstyr vidaregåande skular

31 av dei vidaregåande skulane har førebels sendt inn oversikt over deira investeringsbehov i 2016. Samla sett er det innmeldt behov langt over budsjetttramma. I tillegg er det fleire skular som melder om at dei held på å undersøkje prisar, og at dei vil sende inn søknad innan søknadsfristen i april. Fylkesdirektør opplæring vil difor i april og september prioritere mellom dei ulike skulane etter behov.

Vidareføring av investeringar frå 2015

Det blei i 2015 tildelt kr 1mill av opplæringsavdelinga sine investeringsmidlar til auditorium ved Norheimsund vgs. Varene blei mottatt i 2015, men på grunn av forseinka faktura frå leverandør blei kr 615 000 først belasta rekneskapet i 2016.

Stord vgs blei i 2015 tildelt kr 1,3 mill til utstyr i samband med rehabilitering av auditorium på Vabakkjen. Bestillingane blei gjort i 2015, men på grunn av forseinka framdrift i prosjektet og forseinka faktura frå leverandør vil 1 million først bli belasta 2016-rekneskapet.

Det er behov for å rehabiliterer naturfagromma ved Os vidaregåande. Mykje utstyr vert overtatt frå Bjørgvin, men det vil vere behov for å supplere med noko nytt her også. Utrekna kostnad 0,2mill.

Fylkesdirektør opplæring ser det som tenleg å prioritere desse prosjekta i 2016.

Utstyrsmidlar fagskulane – 1,36 millionar kroner

Av investeringsbudsjettet til opplæringsavdelinga knytt til utstyr på 35 millionar blei det i 2015 tildelt 7 millionar til fagskulane. Dette utgjorde 20% av budsjettet. Fagskulane melder om behov for ytterlegare investeringar på totalt 11,5 millionar (jfr vedlegg). I 2016 vert det foreslått å tildele kr 1360 000 til fagskulane. Grunngevinga for dette er at det er meldt om store investeringsbehov ved dei vidaregåande skulane òg. Beløpet utgjer 4,5% av den totale ramma knytt til investeringar i utstyr i opplæringssektoren, og er basert på at Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole utgjer 4,5% av det totale talet på skular. Fagskulestyret får i oppdrag å fordele midlane mellom skulane.

IT og telefoni – 9,5 millionar kroner

Brannmurar og switchar

I samarbeid med IT-seksjonen er det planar for investeringar i infrastruktur på skulane. Det har vore behov for å investere i nye brannmurar. Delar av investeringane knytt til dette blei gjort i 2015, men om lag 2 millionar vil bli belasta 2016-rekneskapet. Det er dessutan behov for å oppgradere «switchar» ute på skulane for å få bukt med flaskehalsproblematikken vi har på sambandet mellom skulane og HFK sentralt. Kapasitetsproblema skuldast auka bruk av «skytenester», og denne investeringa i «switchar» vil vere ei førebuing til å kunne ta i bruk IP-telefoni ute på skulane. Det er estimert ein kostnad på 2 millionar til «switchar» i 2016 og 2 millionar i 2017. Investeringar knytt til sjølv IP-telefonapparata vil koste om lag 1 million i 2016.

Utsifting av lærar-PC-ar

Kvart år er det behov for å skifte ut om lag ¼ av PC-ane til lærarane. I 2016 er planen å skifte ut i overkant av 700 PC'ar. Dette er tilsvarande som i 2015. Estimert kostnad er i overkant av 4,5 millionar.

Innkjøp reinhaldsutstyr – 0,5 million kroner

Innkjøpa av reinhaldsutstyr har gitt ei tiltrengt modernisering av utstyr og maskiner på skulane. Det er viktig å sikre ein god utstyrspark for reinhald. I 2015 blei det tildelt 2 millionar til formålet. Eigedom har meldt behov for tilsvarande beløp i år, men ut ifrå ei totalvurdering av opplæringssektoren sine behov for investeringar, foreslår fylkesrådmannen ei tildeling på 0,5 millionar i 2016.

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov. Det same gjeld dersom endra framdriftsplanar gjer at behova blir skyvd fram til komande år. Dette heng saman med at investeringsmidlar ikkje kan overførast til etterfølgjande år.

Oppsummering:

Fylkesrådmannen rår til at midlane til investeringar i utstyr til opplæringssektoren vert fordelt slik:

Kategori	Sum
Oppfølging av skulebruksplan - tiltak	5,00 mill kr
Utstyrsmidlar vidaregåande skular	18,64 mill kr
Utstyrsmidlar fagskular	1,36 mill kr
IT og telefoni	9,50 mill kr
Reinhaltsutstyr	0,50 mill kr
Totalt	35,00 mill kr

Vedlegg: Sak 2015/11453-27



Arkivnr: 2015/11453-27

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		17.03.2016

Investeringsbehov ved Fagskolane i Hordaland 2016

Samandrag

Fagskulestyret fekk sak om investeringsbehov for 2015 lagt fram som melding i styremøtet 26.01.2016 og bad om å få ei ny sak om investeringsbehovet ved fagskulane for 2016. Sak om fordeling av investeringsmidlar for vidaregåande skular og fagskular skal handsamast i Utval for opplæring og helse (OPHE) i møte 07.04.2016. Det er Fylkesrådmannen som førebur saka for OPHE, og ny sak frå fagskulestyret om investeringsbehovet i 2016 vert derfor oversendt til fylkesadministrasjonen for vidare saksutgreiing.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre tilrår at Opplæringsavdelinga handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Utval for opplæring og helse i høve fordeling av investeringsmidlar i 2016:

Skule	Ustyr	Omtale	Kostnad	Pri.
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Investering som skulle ha vorte kjøpt i 2015, men som ikkje vart sett i produksjon før i 2016.	1 100 000,-	1
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Laboratorieutstyr til elektroniske system, elektriske system og måleteknikk.	600 000,-	2
Bergen tekniske fagskole	Robot CNC cell	Utstyr til tilboda automasjon, elkraft, prosess og ny fagskuleutdanning i CNC og robotteknologi.	2 500 000,-	3
Bergen maritime fagskole	DP2 stasjonar og Anchor handling integrert med NAV simulator (studiestad Austevoll)	Oppgradering til eksisterande bru-simulator – dynamisk posisjonering. Inngår i læreplanen og vil kunne nyttast i kurssamanheng.	2 300 000,-	1
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av boresimulator – DS 6000	Oppgradering og ekstra funksjonar i høve til å programmere og testa oppgaver.	2 360 000,-	2
Bergen maritime fagskole	CWI simulator (innan boring)	Utstyr som gjev ny funksjon til eksisterande boresimulator.	2 653 700,-	3

Sum			11 513 700,-	
------------	--	--	---------------------	--

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.02.2016**Bakgrunn**

Hordaland fagskulestyre handsama sak om investeringsmidlar i møte 24.03.2015 og fatta følgjande vedtak:

«Vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tilrår at Opplæringsavdelinga handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Opplærings- og helseutvalet i høve fordeling av investerings- og fondsmidlar i 2015:

Skule	Ustyr	Omtale	Kostnad
Bergen tekniske fagskole	Inventar og utstyr til Haugeveien og Margaretastredet	Inventar og utstyr hovudsakleg til kantine, kontor og klasserom.	1 500 000,-
Bergen tekniske fagskole	Simulerings- og laboratorieutstyr	Ustyr som er felles for alle utdanningane.	6 326 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Trykk kontrollsimulator - CS	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	1 382 715,-
Bergen maritime fagskole	Høgspentsimulator	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 400 000,-
Bergen maritime fagskole	Visuelle kanalar til ECDIS lab	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 120 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Engine simulator MC 90 versjon 3 til K-sim Engine	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	3 470 000,-
Sum			15 198 715,-

2. Fagskulestyret har merka seg at Bergen tekniske fagskole har eit investeringsbehov på over 18 millionar og Bergen maritime fagskole på vel 14,5 millionar. Fagskulestyret er uroa over at det framleis vil vere eit stort investeringsbehov sjølv etter innstillinga frå fagskulestyret til opplærings- og helseutvalet. Fagskulestyret ber om at restinvestering blir følgd opp i budsjett 2016, og at skulane sjølv kan få omprioritera midlar innanfor bevilga beløp om dei finn det føremålstenleg. Dette for å sjå på investeringar over 2 år.»

Saka vart etter handsaming av styret oversendt administrasjonen ved Opplæringsavdelinga og handsama vidare politisk. Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole vart vidare løyvd til saman 15,2 millionar til investeringar over budsjett for investeringsmidlar og samlefondet i 2015. Styret si tilråding vart såleis prioritert politisk.

Saksgang

Fagskulestyret fekk sak om investeringsbehov for 2015 lagt fram som melding i styremøtet 26.01.2016 og bad om å få ei ny sak om investeringsbehovet ved fagskulane for 2016. Sak om fordeling av investeringsmidlar for vidaregåande skular og fagskular skal handsamast i Utval for opplærings- og helse (OPHE) i møte 07.04.2016. Det er Fylkesrådmannen som førebur saka for OPHE, og ny sak frå fagskulestyret om investeringsbehovet i 2016 vert derfor oversendt til fylkesadministrasjonen for vidare saksutgreiing. Denne saka vert såleis lagt som vedlegg til sak om fordeling av investeringsmidlar for vidaregåande skular og fagskular i 2016.

Investeringsbehovet i 2016

På bakgrunn av tidlegare tildelingar av investeringsmidlar til fagskulane vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå følgjande prioritering av investeringsbehov som vert meldt inn til fylkesadministrasjonen:

Skule	Ustyr	Omtale	Kostnad	Pri.
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Investering som skulle ha vorte kjøpt i 2015, men som ikkje vart sett i produksjon før i 2016.*	1 100 000,-	1
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Laboratorieutstyr til elektroniske system, elektriske system og måleteknikk.	600 000,-	2
Bergen tekniske fagskole	Robot CNC cell	Utstyr til tilboda automasjon, elkraft, prosess og ny fagskuleutdanning i CNC og robotteknologi.	2 500 000,-	3
Bergen maritime fagskole	DP2 stasjonar og Anchor handling integrert med NAV simulator (studiestad Austevoll)	Oppgradering til eksisterande bru-simulator – dynamisk posisjonering. Inngår i læreplanen og vil kunne nyttast i kurssamanheng.**	2 300 000,-	1
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av boresimulator – DS 6000	Oppgradering og ekstra funksjonar i høve til å programmera og testa oppgaver.	2 360 000,-	2
Bergen maritime fagskole	CWI simulator (innan boring)	Utstyr som gjev ny funksjon til eksisterande boresimulator.	2 653 700,-	3
Sum			11 513 700,-	

*Bergen tekniske fagskole fekk om lag 8 mill til investeringar i 2015, men på grunn av flytteprosess kom arbeidet med innkjøp seint i gang. Laboratorieutstyr vart bestilt i 2015, men leverandør fekk ikkje sett utstyret i produksjon før i 2016, og investeringa kunne soleis ikkje førast på investeringsbudsjettet for 2015. Det er derfor ønskeleg at denne investeringa vert re-finansiert i 2016.

**Etter at det vart installert ny bru-simulator ved Bergen maritime fagskole og studiestad Austevoll er det ikkje tilgang til DP stasjonar av di dette er ekstrautstyr. Kunnskap om dynamisk posisjonering er sentralt i utdanninga av navigatørar. Det er behov for éin DP2 ved studiestaden Austevoll som også vil verte nytta av navigatørstudentane ved Bergen maritime fagskole.

Skulenavn	Forebels innmeldt investeringsbehov
Askøy vgs	1 934 603
Bergen katedralskole	2 103 011
Bergen Maritime vgs	2 900 000
Os vgs	10 936 528
Voss gymnas	514 744
Voss husflidsskule	78 125
Voss vgs	500 000
Kvinnherad vgs	750 000
Norheimsund vgs	645 144
Austevoll vgs	680 000
Osterøy vgs	284 750
Stend vgs	2 025 000
Sandsli vgs	1 091 250
Fusa vgs	2 437 500
Voss jordbruksskule	1 197 000
Bømlo vgs	750 000
Fitjar vgs	1 500 000
Fyllingsdalen vgs	531 250
Etne vgs	262 500
Rubbestadnes vgs	2 500 000
Odda vgs	1 784 500
Slåtthaug vgs	1 587 500
Austrheim vgs	3 062 500
Sotra vgs	3 112 500
Langhaugen vgs	1 258 050
Stord vgs	8 453 010
Øystese vgs	500 000
Nordahl Grieg vgs	1 996 250
Laksevåg vgs	2 005 000
Knarvik vgs	2 456 875
Olsvikåsen vgs	343 750
Totalsum	60 181 339



Arkivnr: 2015/6388-49
Saksbehandlar: Else-Marie Brobakke Aarø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	37/16	07.04.2016
Utval for miljø og samferdsel		07.04.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.04.2016
Fylkesutvalet		20.04.2016

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse i Hordaland.

Deltaking i nasjonalt kartlegging og utviklingsarbeid i åra 2015/16-2018. *Eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Askøy, Bømlo, Fjell, Stord og Hordaland fylkeskommune.*

Samandrag

Hordaland deltek som eit av åtte fylke i eit kartlegging og utviklingsprosjekt, som er den store nasjonale satsinga på folkehelsearbeid dei neste tre åra. Totalt deltek 40 kommunar. Budsjettmidlar er løyvd over statsbudsjettet. Hordaland er frå Helsedirektoratet tildelt to millionar kroner i tilskot det første prosjektåret. Føremålet med programmet, med prosjektperiode 2015/16 til 2018, er *Gode nærmiljø/lokalsamfunn som fremjar folkehelse*. Prosjekt skal bidra til auka kunnskap om kva som bidreg til trivsel og helse. Gjennom kvalitative metodar for medverknad skal kunnskapsgrunnlaget for kommunale plan- og utviklingsprosessar bli breiare.

I Hordaland deltek kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Ein regional utdanningsinstitusjon/høgskule skal knytast inn mot prosjektet. Kommunane ønskjer å kartlegge eigne nærmiljø og lokalsamfunn i relasjon til folkehelse frå ulike ståstadar som samferdsel, bumiljø, sosiale møteplasser og oppvekst/skule. Kommunane utviklar lokale prosjekt i tråd med nasjonale mål og rammer.

Fylkeskommunen har rolla som prosjekteigar/utviklar for Hordaland sin del av det nasjonale oppdraget og skal legge til rette for samhandling, kompetanseheving, kunnskapsoverføring og evaluering. Breiare kunnskapsgrunnlag om kva faktorar og utviklingstrekk i nærmiljøet som kan verke inn på helsa er eit strategisk utviklingsområde knytt til delmål 2.1 i regional plan for folkehelse 2014-2025: *Gode, trygge og aktive nærmiljø for befolkninga*. Fylkesrådmannen meiner det er i fylkeskommunen si interesse og i tråd med rolla som regional utviklingsaktør innan folkehelseområdet, og bidra til arbeidsprosessar der folkehelsekartleggingar gjennom medverknad får ein meir sentral plass og tettare kopling inn mot den kommunale planlegginga.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; «kartlegging og utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018», gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekkja innafør vedteken budsjettramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.03.2016

Saksutgreiing:

Fylkesrådmannen si vurdering

For fylkesrådmannen er det ei prioritert satsing at Hordaland fylkeskommune i samarbeid med hordalandskommunar deltek i den nasjonale satsinga på folkehelsearbeid. På nasjonalt nivå er det etablert samhandling mellom Helsedirektoratet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Statens vegvesen, Miljødirektoratet og Husbanken, som alle møter prosjektfylka gjennom årleg møteplass.

Dei åtte deltakarfylka samarbeider om prosjektutviklinga. Slik prosjektet er lagt opp vurderer Fylkesrådmannen prosjektet som ein utviklingsarena for folkehelsearbeid i Hordaland. Prosjektet gjev moglegheiter til å utvikle samarbeidet tverrsektorielt mellom fylkeskommunen og kommunane, og verker som ein felles læringsarena. Prosjekteigaransvaret lagt til fylkeskommunen bidreg til innovasjon og nyutvikling på folkehelseområdet med lokal forankring. I dette ligg at samarbeidsmodellen er framtidsretta og desentralisert og at ein i stor grad skal nytte kompetanse i regionen i utviklingsarbeidet. Sjølv om Hordaland fylkeskommune er prosjektansvarleg og hovudansvarleg for prosjektframdrift og for rapportering til Helsedirektoratet, så er det i deltakarkommunane utviklingsarbeidet skal skje. Prosjektkommunane er alle kyst og vekstkommunar, med noko ulikt lokalt utfordringsbilde som innsatsen vert retta mot. Auka innsikt om nærmiljø og lokalsamfunn gjennom innbyggjarinvolvering er interessant både for kommunane og for fylkeskommunen. Det er i fylkeskommunen si interesse at arbeidet med medverknad og kartlegging vert knytt sterkare til den generelle kommunale planlegginga og at folkehelseomgrepet får ein meir sentral plass her. Hordaland fylkeskommune publiserte i 2016 «Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt». Alle deltakarkommunane utarbeider tilsvarande lokale dokument. Kunnskapen frå prosjektet skal nyttast ved revisjonar, særleg av dei kommunale oversiktsdokumenta.

Bakgrunn for saka

Nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling er dei seinare åra løfta fram som eit stadig viktigare innsatsområde og utviklingsområde i folkehelsepolitikken. Særleg gjennom folkehelsemeldingane Meld St.34 (2012-2013) «God helse og felles ansvar» og Meld St.19 (2014-2015) «Mestring og muligheter». Som eit tiltak i satsinga knytt til at helseomsyn skal få større plass i utvikling av stadar, nærmiljø og lokalsamfunn, er det sett av midlar over statsbudsjettet etter kap.719, post 60 til prosjektet. Særleg skal kunnskap om kva befolkninga sjølv opplever er viktige faktorar i eige nærmiljø for trivsel og helse, og som ikkje er tilgjengeleg frå statistikk og databankar, hentast ut. Ein føresetnad frå Helsedirektorat er deltaking frå minst tre kommunar i kvart fylke. Åtte av fjorten søkjarfylker fekk plass i prosjektet hausten 2015. For rekruttering av deltakarkommunar frå Hordaland var det open søknadsrunde sommaren 2015. Fire kommunar blei valde ut på grunnlag av ei heilskapleg vurdering.

Føremål med utviklingsarbeidet

Føremålet med prosjektet er: *Gode nærmiljø/lokalsamfunn som fremjar folkehelse*. Delmål er også sett av Helsedirektoratet. Samarbeidspartane i Hordaland skal støtte opp under desse måla. Kommunane har i tråd med overordna mål/delmål utvikla lokale innsatsområder og målområder ut i frå kommunale behov.

Forventa resultat

- Det er utvikla eit betre kunnskapsgrunnlag og meir kompetanse om faktorar som hemmar eller fremjar folkehelse i ulike lokalmiljø i Hordaland, og at innsatsen er dokumentert.
- Kommunane har døme på nærmiljøkvalitetar, kvalitative metodar og tiltak som kan nyttast vidare i det kommunale planarbeidet.
- Kommunen har fått eit betre kunnskapsgrunnlag om dei kommunale tenestene sin innsats i dei enkelte lokalsamfunna, som lokal status, utfordringar og viktige samarbeidspartar.
- Kunnskap om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetar er innarbeidde eller det er plan for å innarbeide i kommunale plandokument.
- Oversiktsarbeidet - og planarbeidet i kommunane har integrert meir relevante tiltak i tråd med befolkninga sine behov.

Hordaland fylkeskommune sin rolle

Hordaland fylkeskommune er søkjar og prosjekteigar. Fylkeskommunen skal samordne prosjektet regionalt, og vere overordna ansvarleg for framdrift. Fylkeskommunen står ansvarleg overfor Helsedirektoratet og skal rapportere samla på prosjektframdrift og økonomi til Helsedirektoratet årleg. Fylkeskommunen skal bidra til system for kunnskapsformidling, få fram gode døme, og til overføring av erfaring og kunnskap til andre kommunar og relevante samarbeidspartar. Vidare etablerer samhandling med regionalt utdanningsmiljø om følge-med rolla og til å sikrar evaluering av prosjektet.

Fylkeskommunen skal også sikre samarbeid og forankring i prosjektet gjennom samarbeidsavtalar med kommunane. Med atterhald om signering frå alle dei inviterte kommunane er dato for ferdig underteikna avtalar sett til 30.04.2016.

Kommunane sine roller

Kommunane gjennomfører prosjektet i tråd med prosjektsøknad/plan. Etablerer prosjektleiing/forankring i eigen kommune og lokal prosjektutvikling for å gjennomføre medverknadstiltak med brei tilnærming (befolkningsretta). Nyttar relevante kvalitative kartleggingsmetodar og dokumenterer bruken av desse. Utviklar system/struktur for implementering av resultat inn i oversiktsdokument og planar for å få fram innbyggjarane sine perspektiv. Deltak i og bidrar til kompetansehevingstiltak/samlingar lokalt og regionalt. Bidreg til rapportering/erfaringsdeling/evaluering av dei lokale prosjekta.

Kommunane sine innsatsområder

Askøy kommune – medverknad frå barn og unge for mobbefritt oppvekstmiljø med auka trivsel

Gjennom elevundersøkinga til kommunen kjem det fram at ein del elevar opplever at dei vert mobba eller ikkje trivast på skulen. Gjennom eit tverrsektorielt prosjektprogram med målsetting om eit mobbefritt oppvekstmiljø set kommunen søkelys på dette. Prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse inngår i denne overordna satsinga i kommunen. Det skal gjennomførast ein større kvalitativ medverknadsprosess for å hente ut kunnskap som skal nyttast for å fremje eit mobbefritt oppvekstmiljø i kommunen, med fokus på trivsel og inkludering. Målgruppa er elevar på mellom- og ungdomstrinnet. Kommunen skal nytte nye metodar for medverknad i kartleggingsarbeidet som fremjer brei og representasjon og deltaking frå barn og unge. Ein håper særleg å få fram nokre av dei stemmene som ikkje blir høyrde så ofte.

Bømlo kommune - samarbeid om å identifisere nærmiljøkvalitetar i tre ulike lokalsamfunn

Bømlo kommune, med ein desentralisert busetnad, skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som bidrar til å fremje folkehelse der folk bur. Kommunen vil kartlegge kvalitetar og utfordringar i tre ulike lokalsamfunn. Viktige spørsmål for kommunen er kva er eit godt nærmiljø/lokalsamfunn i Bømlo? Korleis nytte grendalaga i lokalsamfunna til å utvikle gode nærmiljø/lokalsamfunn? Korleis utvikle gode nærmiljø gjennom samarbeid med lag og organisasjonar? Særleg fokusområde er barn, unge og eldre. Kommunen sitt folkehelseforum med øvste administrative leiing og tre politisk valde representantar er styringsgruppe. Arbeidet skal nyttast for å til auka kunnskap og til breiare forankring av folkehelseperspektivet inn i all planlegging.

Fjell kommune – medverknad for aktiv skuleveg

Fjell kommune ønskjer å kartleggje barn sin noverande bruk av aktiv transport til skulen, med føremål om å få fleire til å gå eller sykle til skulen, og redusere biltrafikk. Ein ønskjer å få svar på om det er for farleg eller for langt å gå til nærmaste butikk, skule eller idrettsanlegg? Om kommunen kan knyte bustadområde/nærmiljø saman ved hjelp av anna type infrastruktur enn asfalterte vegar? Kvar kan det etablerast snarvegar gjennom skog og mark, og korleis kan kommunen leggje til rette for attraktive og spennande vegar som stimulerer barn og unge til meir fysisk aktivitet? Målgruppa er hovudsakleg barn og unge, men det er også ønskje om å få meiningar om kva ungdom, vaksne og eldre meiner om skuleveg og nærturterreng. Prosjektet legg opp til medverknad frå rektor, lærarar, FAU og velforeining, gjennom blant anna workshop. Gjennom appen «Trafikkagenten» skal barna gje tilbakemelding på korleis dei opplever skulevegen sin ved hjelp av enkle symbol. Prosjektet startar med 6.klasse på Bjørøy skule. Målet er andre skular i kommunen etterkvart.

Stord kommune - innbyggjarmedverknad i kommuneplanarbeid

Stord har knytt prosjektet til arbeidet med ny kommunedelplan for bydelen Sagvåg - Litlabø. Prosjektet er eit delprosjekt i planprosessen. Føremålet er breiare innbyggjarmedverknad i planarbeidet. Ei målsetjing er involvering av innbyggjargrupper som til vanleg er lite involverte i planarbeid. Prosjektet har difor valt ungdomsskulen og nærbutikken som arenaer for medverknadstiltak. Prosjektet er forankra i kommuneleiinga med Rådmannen som prosjektansvarleg. Medverknad i plan- og utviklingsarbeid er eit generelt satsings-område på tvers av fag og nivå. Brei tverrfagleg og tverrsektoriell representasjon i prosjekt- og styringsgruppe bidrar til at ny kunnskap blir spreidd både inne i kommuneorganisasjonen og blant innbyggjarane.

Styringsmodell i Hordaland

Sidan føremålet med samarbeidet i Hordaland er å delta i eit tverrsektorielt utviklingsprosjekt med målsetting *gode nærmiljø/lokalsamfunn som fremjar folkehelse* er det viktig å byggje på kommunane sine egne utviklingsbehov. Kommunane er prosjektutviklar og eigar av dei lokale prosjekta. Kommunane har bygd opp prosjektorganisasjon med god forankring og med styringsgruppe, prosjektgruppe og ulike referansegrupper. Kommunane står ansvarlege for egne prosjekt i tråd med prosjektsøknad til Hordaland fylkeskommune og rammer i samarbeidsavtale med fylkeskommunen.

Sidan Hordaland fylkeskommune er prosjekteigar overfor Helsedirektoratet er satsinga prosjektorganisert. Prosjekteigar er Fylkesdirektør for regional utvikling.

Samarbeid med regional utdanningsinstitusjon

Eit av prosjektmåla er å legge til rette for kompetansebygging med regional utdanningsinstitusjon om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetane si betydning for folkehelse. Det skal etablerast samarbeidsavtale med høgskulemiljø knytt til ulike følge-med oppgåver og anna samarbeid. Prosjektfylka samarbeider om modell for felles nasjonal evaluering av prosjektet.

Økonomi

